



Vilkår for leige av symjehallen

1. Følg ordensreglane i symjehallen
2. Det skal vere ein person som er ansvarleg for leigeforholdet, både når det gjeld lån av nøkkel, ved låsing, betaling av leige og andre vilkår for utlånet
3. Depositum ved utlån av nøkkel er 500 kroner
4. Ansvarleg leigetakar må vere over 18 år
5. Lokalet skal berre nyttast til det som er avtalt og i det tidsrommet det er avtalt
6. Grupper på inntil 15 personar må ha ein person med gjennomført livredningskurs til stades. Grupper over 15 og inntil 30 personar må ha minst 2 ansvarlege leiarar med godkjent redningskurs. Dokumentasjon må leggst fram
7. Det må vere minimum 2 personar som badar, maksimum 30 personar
8. Ved innbrot eller skadeverk som fylgje av manglande låsing, er leigetakar ansvarleg for alle utgifter til vask, reparasjon, erstatning og liknande
9. Leigetakar pliktar å ha naudsynt forsikring for sine medlemmar
10. Leigetakar forpliktar seg til å sette seg inn i branninstruksen. Denne heng ved hovudingangen til bygget
11. Faktura for leigeforholdet vert sendt til ansvarleg leigetakar
12. Lokalet kan leigast ut til faste aktivitetar for inntil eitt skuleår. Nøkkel skal leverast inn ved skuleårets slutt, eller seinast 20. juni. Manglande innlevering vert dekt av depositum
13. Hareid kommune har rett til å nekte seinare utleige av symjehallen til same person/organisasjon dersom desse vilkåra ikkje vert haldne



14. Hareid kommune har ikkje noko ansvar for det som skjer i symjehallen/bassenget når symjehallen er utleigt. Leiga er på eige ansvar.

Vilkår vedtekne i møte den 22. november 2016 i Levekårsutvalet

